

Styremøte i SFSG 4. februar 2017 kl 10:30

Stad: Henjatunet, Leikanger

*Desse møtte: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Ingunn Reme, Odd-Jarle Øvreås og Lars Nesse
Forfall: Vidar Sandal*

Saker

Sak 1/17: Arrangement/møter styremedlemene har delteke på sidan førre styremøte

Lars: 6. og 7. jan Småfesamling på Skei og møte med ringane 5. jan
Ingunn: 5. jan møte i gjetarhundnemnda, 14. jan samling gjetarhund Gardermoen for alle fylka
Ragnhild: 6. og 7. jan Småfesamling på Skei
19. jan Fellesmøte med ulike landbruksorganisasjonar i Sogn og Fjordane
24. januar Ope møte med landbruksministeren Skei
Jo: 20. – 21. januar Fagsamling Loen
24. januar Ope møte med landbruksministeren Skei
Odd-Jarle: 6. og 7. jan Småfesamling på Skei

Sak 2/17: «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa

Avlsutvalet sau:

Samling for ringane på Skei dagen før småfesamlinga. Tema var mellom anna genomisk seleksjon.

Geitegruppa:

Lesarinnlegg om geitenæringa

Gjetarhund:

Møtet i Oslo handla mykje om norgeserieprøvene, lokalt arbeider ein med rekruttering og distriktsprøver

Sak 3/17: Årsmøte 24. februar

Invitasjonar:

Me spør ordførar i Eid, Alfred Bjørlo om å opne årsmøtet vårt.

Vidare inviterer me dei som har:

Beste ver
Beste bukk
Beste geit
Fylkesmeister i gjetarhund

Elles inviterer me æresmedlemene og dei same som var på invitasjonslista som i fjor. Merk at i år kan lokallaga sende 2 utsendingar pr påbegynt 25 medlemer.

Odd-Jarle sender ut invitasjonar. Påmelding til Ragnhild innan 12. februar.

Program

Fredag 24. februar

11:00 Registrering
11:30 Opning ved leiar Ragnhild Sæle og ordførar
12:00 Lunch
13:00 Årsmøte
Sakliste etter vedtektene
18:00 Avslutning
19:30 Middag

Laurdag 25. februar

9:00 Lokallaga sin time
10:00 Ole Knut Steinseth Tema: Ørn m.m.
11:00 Pause utsjekk
11:45 Høyring smittevernføresegn – m.a. omsetningssoner for sau
13:00 Lunch

Sak 4/17: Resultat og balanse pr 31.12.16.

Me gjekk gjennom rekneskapen.

Sak 5/17: Budsjett.

Me gjekk gjennom framlegg til budsjett for 2017.

Sak 6/17: Arbeidsplan for 2017

Framlegg:

Småfesamling på Skei
Styremøte etter behov
Geitehelg
Leiarsamling – Prøver med overnatting som i fjor
Jordbrukstingingane
Fagtur

Sak 7/17: Årsmelding m.m. 2016

Me gjekk gjennom og fordelte oppgåver.

Sak 8/17: Innspel jordbrukstingingane

Me har fått innspel frå følgjande lag: Holmedal, Vik, Sogndal, Gloppen, Askvoll, Stryn og Førde. Me gjekk gjennom innspela og Jo innarbeider endringane i uttalen.

Sak 9/17: Landbruksmeldinga

Jo lagar eit innspel på dette som me sender til faglaga, NSG og politikarane.

Stikkord: Geit, avløyartilskot og investeringsmidlar.

Sak 10/17: Innspel frå ringane som driv med sjeviot og pels, på signala om at avlsrådet (NSG) vil ta vekk granskingsstilskotet.

Dette vil få store konsekvensar for desse vereringane. Lars tek opp saka i avlsutvalet med sikte på å sende saka ut til ringane på høyring.

Referent

For styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Odd-Jarle Øvreås
Sekretær